

## **Høyring: Framlegg til nytt riksregulativ for ferjetakstar**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som positivt at Statens vegvesen vil lage eit forenkla takstregulativ for ferje.
- 2 Det må lagast tenlege rabattordningar for pendlarar og næringstransport slik at kostnaden for desse ikkje vert auka.
- 3 Ei eventuell innsparing ved nytt ferjeregulativ må kome dei reisande til gode.

#### Prenta vedlegg:

Framlegg til nytt riksregulativ for ferjetakstar med vedlegg

#### Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

Statens vegvesen har fått ansvaret for å innføre eit samordna betalingssystem for veg og ferje i Norge innan utgangen av 2005. Ved hjelp av ein og same avtale skal trafikantane kunne betale med AutoPASS på ei rekkje ferjesamband og bompengeanlegg. Målet er meir effektiv drift av ferje- og bompengennevinga.

På ferjene skjer dette ved at ein forenkla takstsystemet. Det skal berre betalast for køyretøy og det vert berre fire takstgrupper. I dag er det ti takstgrupper for køyretøy og to for passasjerar. Samla betaling frå trafikantane vert uendra, men betalingsfordelinga vert endra. Det vil verte rimelegare for dei som har passasjerar i bilen, medan dei som reiser aleine i bil får ein høgare kostnad for reisa.

1. februar 2003 vart det, som eit prøveprosjekt, innført forenkla takstsystem på fem ferjesamband, seinare er ytterlegare tre samband inkludert. Ingen av sambanda er i Sogn og Fjordane.

Statens vegvesen har no eit førebels framlegg til nytt riksregulativ for ferjetakstar ute til høyring. Frist for å kome med fråsegner er 15. februar 2005.

### **2. VURDERING OG KONSEKVENSA**

I framlegget til nytt ferjeregulativ er det ingen retningsliner for rabattar. Dette gjer at det er noko vanskeleg å sjå konsekvensane av eit endra regulativ.

Ei samanlikning av gjeldande takstar og framlegg til nye takstar for sone 3, passasjer (vaksen), personbil på 6 m og buss på 12,5 m syner følgjande:

	Gjeldande	Framlegg	Endring
Passasjer	20	0	-100%
Personbil	49	65	33%
Buss*	282	438	55%

\* Passasjerane betalar ikkje ved nytt regulativ

Samband i sone 3 er mellom anna Anda – Lote og Mannheller – Fodnes (eks. bompengar).

Framlegget vil føre til at somme grupper reisande må betale meir, medan andre får det rimelegare. Dei som reiser aleine i bilen vil få ein kostnadsauke. Dette er også bakgrunnen for mykje av den kritikken som har kome frå reisande i dei åtte sambanda som har vore inkludert i prøveprosjektet. Det gjeld mellom anna mange pendlarar og næringstransport. Fylkesdirektøren har merka seg at Statens vegvesen meiner at dette kan løysast gjennom eit anna rabattsystem enn det som vert nytta i prøveprosjektet. Dette vil vere viktig i Sogn og Fjordane då der er mange som allereie har store kostnader knytt til ferjereiser, både privat og ikkje minst i tilknytning til arbeid.

Det er, som tidlegare nemnt, ingen retningsliner for rabattar i framlegget til nytt riksregulativ. Framlegget er likevel sendt på høyring for slik å kome raskare fram til eit endeleg resultat. Statens vegvesen samarbeidar med Møreforskning i arbeidet med å lage eit nytt rabattsystem.

Dette arbeidet er basert på ei ”vurdering av samfunnsøkonomisk prising, fordelings spørsmål samt institusjonelle spørsmål”. Det vert også vurdert løysingar med vinterrabatt/sommartakstar.

Det at det vert gratis for passasjerar medfører truleg at fleire set att bilen på ferjekaia og anten reiser kollektivt eller sit på med andre. Både deler er med på å redusere biltrafikken.

Eit forenkla regulativ kan effektivisere drifta av ferjesamband og såleis gje ei innsparing. Dette ved at billetteringa går raskare og enklare. På sambandet Aukra – Hollingsholmen i Møre og Romsdal var det ei innsparing også fordi det kunne reduserast på mannskapet. Dette vil ikkje vere tilfelle for Fylkesbaatane då det er minimumsbesetning på alle deira ferjer.

Bussar må, som andre køyretøy, betale meir enn dei gjer i dag for å reise med ferje. Det kan slå ulikt ut for busspassasjerane, alt etter kva samband det gjeld. Det kan verte slik at rutebilselskapa hentar inn den auka kostnaden for bussen ved å auke takstane for passasjerane tilsvarande kostnadsauken. Dette kan i høgt trafikkerte samband slå positivt ut for passasjerane då dei vert fleire som skal dekke meirkostnaden for bussen, samstundes som betalinga som passasjer til ferjeselskapet fell bort.

Fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane nyttar no riksvegferjeregulativet. Fylkesdirektøren ser det som naturleg at dette vert vidareført også ved nytt regulativ.

### **3. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesdirektøren ser det som positivt at Statens vegvesen vil gjere takstsystemet enklare for dei reisande, men det må ikkje medføre at faste reisande får auka sine kostnader. Det vert føresett at ei eventuell innsparing kjem dei reisande til gode, mellom anna ved auka frekvens og lågare takstar.